

Jan Magne Gjerde og Karin Tansem

Doarrás – eit nytt område med helleristningar i Alta

Doarrás – a new area with rock carvings in Alta

The paper discusses three newly found panels with rock carvings in Alta, Northern Norway. They were discovered at Doarrás (Kongsvika), an area with no previously known rock art. The new site is located outside well-established UNESCO World Heritage rock art areas, which are considered to be of national and international value. The Alta rock art has been researched extensively, and the new site at Doarrás complements and enrich the already established knowledge. The rocks and the figures are discussed and related to previously suggested dating and their relation to the shoreline. Further, the motifs stylistic similarities are compared to figures at the already known sites in Alta. The paper also addresses the importance of rock art surveying for both research and heritage management.

Introduksjon

Helleristningane i Alta i Finnmark er velkjende gjennom den eineståande og varierte mengda med figurar, jakt- og fangstrelaterte motiv, dei store komposisjonane og det lange varigheita. Denne varigheita er der både fordi tradisjonen med å lage helleristningar har halde seg gjennom så lang tid som 5000 år, frå om lag 7000 til 2000 år før vår notid, og fordi mange felt og figurar er særskilt godt bevarte. Desse kvalitetane sikra helleristningane i Alta ein plass på UNESCO si verdsarvliste i 1985 saman med hellemaleria i Transfarelv. Per i dag omfattar bergkunsten i Alta tusenvis av figurar på meir enn 100 bergkunstfelt, fordelt på elleve større eller mindre område.

Knut Helskog (1983, 1984, 1987) presenterte tidleg ein analyse av helleristningane i Alta med eit forslag til datering og faseinndeling som trass i justeringar og nyanseringar framleis står seg (Gjerde 2010; Helskog 2012; Tansem 2020; Gjerde, under arbeid). Helskog (1999) knytte motiva ved helleristningane og figurane si opphavlege plassering i fjøresona saman, og tolkinga av dette som uttrykk for rituelle praksisar og eit konkret etnografisk-inspirert verdsbilete (kosmologi) har hatt stor innverknad.

I denne artikkelen presenterer vi dei nyoppdaga helleristningane i Doarrás (Kongsvika), eit område i Alta der det tidlegare ikkje har vore påvist bergkunst. Desse helleristningane er med på å underbyggje tidlegare teoriar omkring dateringar og faseinndelingar, men opnar

øg for nye perspektiv på helleristningane i seg sjølve, på forvaltning generelt og i Alta tilfelle på tenkinga omkring verdsarven.

Bergkunsten i Alta

Framleis synest bergkunsten i Alta å vere ei utømmeleg kjelde og til stor inspirasjon for forskarar både i inn- og utland, og det vert stadig publisert nye forskingsresultat (til dømes Gjerde 2017; Fuglestvedt 2018; Gjerde 2018, 2019; Herva og Lahelma 2019; Ranta mfl. 2020; Tansem 2020; Damm 2021; Helskog 2021; Nyland og Steberglokkene 2021; Skandfer 2021; Tansem og Storemyr 2021; Günther 2022; Tansem 2022a; Gjerde, under arbeid) Forskinga omfattar både korleis ein kan forstå meiningsinnhaldet i helleristningane, og kva rolle dei hadde for menneska som laga dei, men diskuterer òg spørsmål om datering, kronologi og faseinndelingar. Fundamentet for all denne forskinga er påvising, kartlegging og dokumentasjon av sjølve materialet – figurane, steinen dei er laga på, og det omkringliggende landskapet (figur 1).

Inntil 1970 var det registrert berre nokre einskilde tilfelle av bergkunst i Finnmark og ingen i Alta-området. Den fyrste registrerte førekomensten her var eit felt med helllemaleri i Transfarelv (Gáidoš) i 1966, og i 1969 vart den vesle Pippisteinen fra Gjermundsby i ytre Altafjord innrapportert. Dei store og kjende områda med helleristningar i indre Altafjord vart oppdaga i løpet av 1970-talet – først Storsteinen og Jiepmaluokta i 1973, og innan 1978



Figur 1. Øvst: bergkunstlandskapet i Alta sett frå Jiepmaluokta. Nede frå venstre: scene med både menneske, småkval, rein og ein båt frå den eldste fasen i Kåfjord (ca. 5000–4000 fvt.), reconfigurar frå fase 2 i Jiepmaluokta (ca. 4000–3000 fvt.), ein menneskefigur frå fase 3 på Amtmannsnæs (ca. 3000–2000 fvt.) og lengst til venstre ein båt og ei kveite frå den yngste perioden (2000–0 fvt.), som berre har vorte registrert i Jiepmaluokta. Foto: K. Tansem (VAM).

hadde også felta på Amtmannsnes (Árinnjárga) og i Kåfjord kome til. Desse fire helleristningsområda vart saman med hellemaleria på Transfarelv nominerte til Unesco si verdsarvliste og innskrivne i 1985. Pippisteinen, som det einaste kjende tilfellet av bergkunst i Alta utanfor dei fem områda, vart ikkje nominert (Tansem 2022b).

Ei rekke nye felt og figurar har vorte funne innanfor verdsarvområda i åra som har gått, dei fleste under skjøtsels- og dokumentasjonsarbeid. Men etter at dei store førekostane av bergkunst vart påviste på 1970-talet, gjekk det 20 år før neste bergkunstlokalitet *utanfor* dei fem områda vart funnen. Ein lausblokk med helleristningar på Langnesholmen vart innrapportert i 1998, nokre kilometer nord for Gjermundsby, der Pippisteinen kom frå. I 2001 vart det oppdaga hellemaleri i Tollevik ved Komsafjellet, og i 2008 vart ytterlegare tre lausblokkar med helleristningar oppdaga på Langnesholmen (Helberg 2016). Sidan 2016 har tre lokalitetar med hellemaleri, eit lite helleristningsfelt på fast berg på austsida av ytre Altafjord og to helleristningssteinar på fastlandet like innanfor Langnesholmen vorte funne og registrerte (Tansem 2022b). Med unntak av det fyrste funnet på Langnesholmen i 1998 og to felt i Transfarelv innrapporterte av privatpersonar i høvesvis 2002 og 2021 har alle registrerte felt etter 1970-talet vorte funne av arkeologar som har leita aktivt etter bergkunst.


Dette gjeld òg funna frå 2022 som vi skal presentere her. På samisk heiter området Doarrás ('på tvers'), mens det norske namnet på staden er Kongsvika. Ingen av namna er etter vår kjennskap i dagleg bruk i Alta, men er oppførte som offisielle namn av Kartverket. For ei oversikt over dei kjende lokalitetane med bergkunst i Alta, sjå figur 2.

Doarrás

Bakgrunnen for funna i Doarrás var ei detaljregulering i samband med eit planlagt byggjeprosjekt som inkluderte veg og utbygging av bustader. Dette ville medføre omfattande inngrep i eit større område nokre hundre meter aust for Apanes, den austlegaste lokaliteten i verdsarvområdet Jiepmaluokta (Hjemmeluft). Vidare austover for dette området med helleristningar på fast berggrunn er det lausmassar med grus og blokkstein heilt ned i fjøra. Lausmassane strekkjer seg ca. 600 m før bukta endar i eit lite urort parti med fast berg. Aust for dette igjen er terrenget utbygd med veg, skiferindustri og kaianlegg. Heile dette området vert på folkemunne kalla Apanes, og den vestlegaste delen som grensar til verdsarvområdet Jiepmaluokta, er stort sett utbygd med einebustader og rekkjehus. Det er i eit større område som er relativt lite omfatta av moderne aktivitet i aust, at det no har vorte funne helleristningar (sjå figur 3).

Det har vorte leita etter helleristningar i Doarrás tidlegare, pga. nærliken til bergkunsten på verdsarvlista og også fordi bergarten i området, ein hard metamorf sandstein, er den same som i Jiepmaluokta (Hjemmeluft) (Tansem 2022a), utan resultat. Likevel kunne ikkje området avskrivast med tanke på potensial for funn av helleristningar. Sommaren 2022 oppdaga arkeolog Evelyn Johnsen ved Verdensarvsenter for bergkunst – Alta Museum eit lite helleristningsfelt med to refigurar som låg opent i dagen rett ved ein sti. Figurane er særskilte vanskelege å sjå, nærmest usynlege utan skrålys frå lommelykt i mørket eller kunstig mørke under svart plast.

At det kunne vere mogleg å finne fleire helleristningar i Doarrás, vart dermed klart. I september 2022 vart det sett i gang søk spesifikt etter helleristningar, planlagt og utført av Troms og Finnmark fylkeskommune i samarbeid med NIKU – Norsk institutt for kulturmiljøforskning, og med på laget var òg arkeologar ved Verdensarvsenter for bergkunst – Alta Museum (Gjerde 2022). Tidlegare søk hadde vorte gjorde utan å ta bort torv eller lav,



Figur 2. Kartet syner alle bergkunstlokalitetene som hittil har vorte registrerte i Alta.
Kart: K. Tansem, VAM. Basert på grunnlag frå Statens kartverk.

men dei store inngrepa som var planlagde i samband med utbyggingsprosjektet, gjorde det naudsynt at ein gjekk litt hardare til verks for å forsikre seg om at det ikkje var fleire helleristningar skjult i området. I løpet av kort tid ble ytterlegare to felt med helleristningar registrerte (Gjerde 2022).



Figur 3. Kart over Doarrás med lokalitetane Doarrás 1–3 markert med røde prikker. Strandlinja er rekonstruert til 16 moh. og 19 moh. markert med blå linjer som illustrerer strandlinja. Havet er simulert til 16 moh. ved å dekkje området under 16 moh. Steinalderbustaden som ligg nedanfor Doarrás 2, er markert med grønt. Bakgrunn flyfoto fra Statens kartverk, GeoNorge. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.

Helleristningane i Doarrás

Doarrás 1 (figur 4) ligg på dei austlegaste berga i området. Helleristningane ligg på eit flatt svaberg som for nokre tusen år sidan låg i fjøresona før landhevinga ført det oppover i terrenget. Heile området er delt inn i mindre knausar og flater klart skilde frå kvarandre ved mindre høgdeskilnader og kraftige sprekkar. Det er funne to helleristningar av reinsdyr på dette berget. Generelt er berget med helleristningar veldig forvitra, og det er vanskeleg å sjå figurane på grunn av erosjon.

Doarrás 2 (figur 5 og figur 6) er ein flyttblokk (steinblokk) som ligg i eit område med tidlegare strandlinjer og ein skilde steinblokkar. Området mellom bergen med lokalitetane Doarrás 1 og Doarrás 2 er dominert av fleire hundre steinblokkar. Flyttblokken har helleristningar på minst tre av fire sider. Toppen av steinblokken, som er flat i forma, har særsla mange sprekkar, og det er vanskeleg å seie om det har vore helleristningar på denne flata. Til saman er det funne åtte figurar på steinblokken, fem reconfigurar, ein annan dyrefigur og nokre ein-skilde strekar. Flyttblokken måler ca. 1,6 x 1,6 m. Flyttblokken er den fyrste som er funnen i indre Altafjord om ein ser bort frå Storsteinen, som er så stor at ein ikkje kan sjå han i same kategori (Tansem 2020).

Doarrás 3 (figur 7) ligg som Doarrás 1 på eit flatt svaberg. Lokaliteten ligg i same område og terreng som Doarrás 1. Det er funne ei helleristning på dette berget, eit reinsdyr. Figuren er særsla tydeleg.



Figur 4 Nattfoto av helleristningane ved Doarrás 1. Ein ser to reinsdyr, eit til venstre for midten og eit til høgre for midten. Foto: K. Tansem, VAM.



Figur 5. Nattfoto av flyttblokken med helleristningane ved Doarrás 2. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 6. Nattfoto av flyttblokken med helleristningane ved Doarrás 2. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 7. Nattfoto av helleristninga ved Doarrás 3. Foto: Jan Magne Gjerde.

Lokalitets-namn	ID-nummer	Høgde over havet	Berg Type	Motiv	Antal figurar
Doarrás 1 – Kongsvika 1	ID289874	18.99	Svaberg	Rein	2
Doarrás 2 – Kongsvika 2	ID291027	17.37	Flyttblokk	Rein, ubestembar figur	8
Doarrás 3 -Kongsvika 3	ID294182	20.54	Svaberg	Rein	1

Figur 8. Tabell over helleristningslokalitetane ved Doarrás.

Datering og faseinndeling av helleristningane i Alta

Helleristningane i Alta er i ei særstilling når det kjem til datering av helleristningar i Nord-Europa. Ein av grunnane til det er at landhevinga i Altafjorden som følgde etter istida, ser ut til å ha vore relativt jamn, utan større transgresjonar eller regresjonar. Det har lenge vore argumentert for at helleristningar generelt i Nord-Europa kan daterast ved hjelp av strandlinjedatering, og ein føresetnad for denne teorien er at helleristningane vart laga i fjøresona (til dømes Bakka 1973; Bakka 1975; Ling 2008; Mikkelsen 1977; Savvateev mfl. 1978; Helskog 1989; Ramstad 2000; Sognnes 2003; Gjerde 2010). Ein har peika på manglar ved strandlinjedateringsmetoden (Ramstad 2000; Sognnes 2003; Lahelma 2008; Gjerde 2010; Lødøen 2015; Goldhahn 2017), samtidig som metoden vanskelegare lar seg nytta i område der landhevinga ikkje har hatt den same jamne utviklinga som i Alta (for eksempel Lødøen 2013). Det finst likevel sterke argument for at helleristningane vart laga i tilknyting til dåve-

rande fjøresone i tilfellet Alta (sjå nedanfor), og at alderen difor kan setjast ved hjelp av strandlinjedatering (t.d. Ramstad 2000:60; Sognnes 2003:94; Gjerde 2010:251; Lødøen & Mandt 2010:22; Goldhahn 2017; Tansem og Storemyr 2021). I andre regionar er det ikkje like lett å påvise slike samanhengar (Sognnes 2003; Lødøen 2015; Stebergløkken 2015).

Gjennom omfattande arbeid der helleristningane si høgd over havet vart relatert til motiv og figurstil ved å nytte korrespondanseanalyse, kunne Helskog skilje ut fire klare fasar med helleristningars der motivtilfang og stil synte endring i relasjon til høgdenivå (Helskog 1983, 1984, 1987, 1989, 2000). Helskog kunne med dette plassere helleristningane i klare tidsepokar. Ved å inkludere nye funn av forhistoriske bustader og geologiske data har ein fått ei sikrare datering av helleristningane, og dei er no daterte til om lag 7200 fvt. til om lag 2000 fvt. (Gjerde 2010). Arbeidet til Tansem med Storsteinen og Alta-materialet viser at ein ved å gå grundigare inn i materialet kan finne nyansar i faseinndelingar og dateringar (Tansem 2020), og Helskog har seinare delt inn materialet i fleire tidsintervall (fasar og periodar) (Helskog 2012, 2021). Nyleg har Gjerde nytta nye CPOS-målingar¹ som er meir nøyaktige enn tidlegare innmålingar. Resultatet av dette studiet er at Alta-materialet klart deler seg inn i fire overordna fasar (Gjerde, under arbeid). Faseinndelinga og dateringa vil nok framleis vere sentral i forskinga på helleristningane i Alta, og siste ord i denne saka er nok ikkje sagt.

Laga i strandsona?

Det som i fyrste omgang utløyste ideen om at ristningane vart laga i strandsona, var at ein såg at nokre av helleristningslokalitetane var dekte av marin strandgrus, og ideen vart forsterka av at det er funne ein del helleristningars som syner klare teikn på å vere vasseroderte eller polerte av grus (Gjessing 1938; Simonsen 1958:27; Damm mfl. 1993; Hesjedal 1993; Hesjedal mfl. 1996; Gjerde 2010:247; Tansem 2011; Gjerde 2017). Døme på dette ved fleire lokalitetar i Nord-Noreg finn ein i figur 11. Den andre grunnen er funksjonell ved at svaberg i fjøresona er fri for vegetasjon, fordi miljøet der gjer det vanskeleg for både lav og andre vekstar å trivast (figur 9). Helleristningars laga i strandsona vart difor ikkje dekte med lav, og var såleis synlege i lang tid. Med landhevinga koloniserte lav og annan vegetasjon bergflaten, og dekte etter kvart helleristningane. Svaberg som tidlegare hadde lege under vatn, kom til syne, og nye figurar vart laga i strandsona, slik ein meiner det har skjedd i Alta. I dei seinare åra har også sjølve berget fått breiare merksemd i forskinga. Estetiske kvalitetar som fargar, mønster eller formasjonar har vorte tolka som sentrale element i skapinga av bergkunst (Helskog 1999; Gjerde 2010; Nyland og Stebergløkken 2019; Tansem 2022b), og desse elementa kjem klarast fram på reine bergflater. Eit anna sterkt argument for at helleristningane i Alta vart laga i fjøresona, er at einskilde motiv (for eksempel elghovudstokkar, fynsefigurar) og scener (for eksempel reinsdyrgjerde og bjørnehi/bjørnespor) berre opptrer på same høgdenivå (mellan 23 og 26 moh.) på tre ulike lokalitetar utan intervisibilitet, altså som ikkje er synlege seg imellom, på begge sider av Jiepmaluokta (Hjemmeluft) og Kåfjord (Tansem og Storemyr 2021; Tansem 2022b:6f; Gjerde in prep).

Ei kosmologisk tolking framsett av Helskog (1999) argumerterer for at det er i strandsona helleristningane er laga av di det er der dei tre verdene møtest i samsvar med etnografiske kjelder i cirkumpolar kosmologi (for eksempel Animosov 1963; Napolskikh 1992:fig. 1, 11; Mulk og Bayliss-Smith 2006). Verdsbiletet består av ei oververd, ei mellomverd (vår verd der helleristningane vert laga) og ei underverd (sjå figur 9 og figur 10).



Figur 9. Parti frå strandsona (fjøra) i Jiepmaluokta (Hjemmeluft) mellom Apana Gård og Apanes i dag. Her ser ein tydeleg korleis den øvre strandsona ikkje er dekt med lav. Basert på funksjonell forklaring og relasjon til kosmologisk verdsbilete vil da helleristningane ligge i mellomverda i det tredelte verdsbiletet med ei oververd, ein mellomverd og ei underverd.
Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 10. Eksempel på korleis helleristningssteinen ved Doarrás mest truleg vil ha vore plassert i den øvre strandsona der relasjonen til havet vil endre seg med tidevatnet. Til venstre ved fjøre sjø, sentralt ved mellomvasstand og til høgre ved flo. Helleristningssteinen ligg i Tromsø. Etter Gjerde (2010, fig. 161). Foto: Jan Magne Gjerde.

Men forklaringa kan òg vere meir jordnær. Samfunna i Finnmark i steinalderen hadde ei utprega orientering mot sjøen (for eksempel Olsen 1994; Gjerde 2010; Damm m.fl. 2020). motiva til helleristningane og plasseringa deira i fjøra og landskapet kan òg knytast til det maritime livet, til reelle praksisar og hendingar frå fangst og fiske og til reiser, rørsle og kontaktar over store avstandar via vassvegane (Bergsvik 2009; Gjerde 2010; Tansem 2022b).

Datering av helleristningane i Doarrás

Under registreringa av Doarrás vart helleristningane innmålte med CPOS, og dei ligg mellom 17 og 21 moh. (sjå figur 8). Helleristningane i Doarrás kan difor gjennom strandlinjedatering sannsynleggjera til å vere tilhøyrande fase 2, i tidsrommet mellom om lag 4000 og 2600 fvt. når ein samanliknar med helleristningane elles funne i indre Altafjord (Gjerde in prep). I denne relative dateringa er det nytta data frå (Møller og Holmeslet 1998) der isobase 24 er nytta for indre Altafjord. For ein nærmare diskusjon av grunnlaget, sjå Gjerde (2010) og Helskog (2012, 2021).



Figur 11. Helleristningar med klare teikn på vasserosjon. Oppe til venstre, reinsfigur sterkt erodert ved Doarrás, Alta. Oppe til høgre, menneskefigur som er sterkt erodert og seinare overhøgd av reinsdyr utan klar vasserosjon ved Ole Pedersen, Alta. Nede til venstre elg/rein, Kirkely, Tennes, Troms. Nede til høgre ser ein bjørnepoten som er vasserodert, medan elgen over ikkje er det ved Slettnes, Finnmark. Foto: Jan Magne Gjerde og Karin Tansem.

Figurane på Doarrás 2 synte spor etter vasserosjon. På den lågaste figuren var dette særstilt tydeleg. Den vart målt til 17,4 moh. Det finst ikkje så mange figurar med tydeleg vasserosjon i Alta, men vasslipte figurar er funne på fleire felt i Jiepmaluokta (Hjemmeluft), og dei ligg på rundt 18 moh.² Den mest trulege tolkinga er at ved om lag 17–18 moh. i indre Altafjord var det ein mindre transgresjon eller ein periode der endringa i landhevinga stod bortimot stille. Dette gjorde at vasserosjonen i strandsona hadde stor påverknad på helleristningane ved at dei er tydeleg eroderte (vasslipte). Utifra dei data (arkeologiske og geologiske) vi har i dag, er det ikkje mogleg å seie kor lenge dette varte, men resultatet av denne «stillstanden» er tydeleg på helleristningane på dette høgdenivået.

Stilistisk vurdering

Blant dei tusenvis av figurane i Alta er rein det overlegent vanlegaste motivet, med meir enn 40 %. Bortsett frå eit par strekar og ein figur som er vanskeleg å definere, er alle dei nye figurane i Doarrás rein. Om ein samanliknar dei nye figurane her med figurar som ligg innanfor dei same høgdemetrane over havet i Jiepmaluokta (Hjemmeluft) og i Kåfjord, ser ein klare likskapar, både når det gjeld motiv og utforming (sjå figur 12). Dette knyter lokalitetane saman, og den geografiske nærliken og at Doarrás ligg mellom Jiepmaluokta (Hjemmeluft) og Storsteinen understrekar dette. Det at felta i Doarrás ligg på så ulike høgder, synet at også her har ein laga helleristningar over lang tid, samstundes som ein gjorde det i Kåfjord og Jiepmaluokta (Hjemmeluft).

Trass i klare stilistiske likskapar innanfor fasane slår det ein øg at reconfigurane viser ein stor variasjon på alle dei nemnde lokalitetane (Tansem 2022b). Dei tre tydelegaste reconfigurane som står saman på rekkje på den eine sida av lausblokken (Doarrás 2), har visse likskapar seg imellom, men samtidig er både gevira og detaljane i kroppen så ulike at det kan synast å vere eit poeng i seg sjølv. Reinen frå Doarrás 3 er øg heilt spesiell i Alta-materialet, og stadfestar inntrykket av at variasjon er noko som karakteriserer helleristningane i Alta som heilskap. Når vi likevel finn temmeleg like figurar på same høgd på ulike lokalitetar, forsterkar det inntrykket av at ein har brukt fleire stader aktivt samstundes då desse bileta vart laga, og at ein må sjå lokalitetane i samanheng.

Å finne bergkunst

Potensialet for å finne meir bergkunst i Doarrás er stort, både på det faste berget og på lausblokkar. Det meste av fast berg i området er dekt av tjukk torv, og steinblokkane er dekte med lav. Berre ein brøkdel av dei moglege flatene vart undersøkt gjennom å fjerne laus torv og blad- og busklav. Skorpelav bør ikkje fjernast fysisk sidan det kan skade berget. Dette vart ikkje gjort, da det er vanleg å nytte kjemiske metodar som til dømes etanolbehandling³ ved fjerning av lav. Det er klart at i mange tilfelle er det nødvendig å avklare om det er bergkunst som kan gå tapt pga. utbygging eller andre inngrep. Men om ein ikkje har spesifikke forskingsmål, kan det hende at helleristningane har det best under torva (Hykkerud 2021). Vår erfaring tilseier at dette truleg er avhengig av bergarten helleristningane er hogne i. Fjerning av torv og skrubbing av lav vart i dette tilfellet stansa idet bergkunst vart påvist.

Etter vår kjennskap er leiting etter bergkunst i forvaltingssamanhang ikkje allmenn praksis og særstilt sjeldan prioritert ved synfaring og registrering (men sjå øg Bergsvik mfl.

Et utvalg reinfugur fra Doarrás, Jiepmaluokta og Kåfjord, Alta

Etter kalkeringer av: R. Normann og K. Tansem

17, 18, 19, 20 moh



moh	Jiepmaluokta	Duorrás	Kåfjord
20			
19			
18			
17			

Figur 12. Skjemaet syner eit utval reinfugurar som ligg mellom 17 og 21 moh. frå Jiepmaluokta, Kåfjord og Doarrás, der både likskapar og variasjonar kjem tydeleg fram. Illustrasjon: K. Tansem, VAM.

2020; Damlien mfl. 2021), spesielt i område der ein ikkje har funne bergkunst tidlegare. Når ny bergkunst vert oppdaga, vert det oftest presentert som noko sensasjonelt og så godt som heilt tilfeldig. Ein eller annan har snubla over ei helleristning eller eit hellemaleri som har lege gøymd i tusenvis av år — ein skatt som nærmast dukkar opp av seg sjølv. Og ofte er det sjølve oppdaginga, ikkje det nye funnet, som får mest åtgauum, og som gjer det interessant (Tansem 2022b). Men vi ønskjer å understreke kor viktig det er t å søkje aktivt etter bergkunst under arkeologiske forskingsprosjekt, kartleggingar, synfaringar og registreringar.

Storparten av funna som har vorte gjorde i Alta dei seinare åra, har samanheng med forskingsaktivitet, der det å leite etter bergkunst har vore ei prioritert oppgåve⁴, anten det er i område der ein forventar å finne bergkunst, eller i område der ein tidlegare ikkje rekna med at det kunne vere noko.

Tilfellet Doarrás er illustrerande i så måte. Dei relativt bratte og «uryddige» små bergflaten i aust som går over til eit stort område med lausmassar og blokkstein mot vest, var ikkje eit spesielt lovande landskap om ein skulle følgje våre vante forestillingar om bergkunsten i Alta. Inst i Altafjorden er det tidlegare ikkje funne helleristningar på mindre runde steinblokkar, men derimot på lause blokkar som tydeleg er delar av og har tilknyting til det faste berget. Tidlegare har ein dermed gått ut frå at helleristningar vart laga på fast berg i dei indre delane av Altafjorden, der dei store lokalitetane ligg, medan helleristningar på lausblokkar tradisjonelt har vore knytte til dei ytre delane av Altafjorden. Dette kan ein sjå i samanheng med dei tidlege funna av helleristningar på lausblokkar til dømes i Kvalsund (Gjessing 1938) og seinare på Gåshopen (Simonsen 1958) og ved Slettnes på Sørøya (Hesjedal mfl. 1996). Helleristningar på fast berg opptrer elles på eit lite felt i Porsanger (Brennelv) og heilt aust i Finnmark, på Gammes (Helberg 2016), men desse vert sjeldan sette i direkte samanheng med bergkunsten i Alta.

Funnet av lausblokken rokkar ved det som tidlegare har vore ei etablert oppfatning for både forsking og forvaltning, nemleg at lausblokkane med helleristningane ligg i dei ytre delane av Altafjorden (ved Isnestoften) og på stader ved tilknytte fjordar og havområde, som på Slettnes på Sørøya og i Kvalsund, og at helleristningane i indre Altafjord ligg på svaberg (Arntzen 2007). Slike forestillingar kan også, ved dei høva ein *har* leita etter bergkunst, ha påverka kva ein har fokusert på under søka. Forestillinga om dikotomien lause blokkar/ytre havområde på den eine sida og fast berg/indre Altafjord på den andre vart ikkje utfordra før i 2016, då nokre helleristningar vart funne på fast berg lengre ute i Altafjorden, på Svartskog (Tansem 2022b). Funnet av figurane på lausblokken Doarrás 2 syner at biletet er meir komplisert enn det ein har meint tidlegare.

Når område skal synfarast eller registrerast av forvaltninga i samband med reguleringsplanar og utbyggingsprosjekt, er det difor særskilt viktig at vurderingar om sannsyn for og søk etter bergkunst i området vert inkludert som ein rutinemessig del av arbeidet med registrering der ein nyttar personell med bergkunstkompetanse, sjølv om det ikkje er kjende bergkunstlokalitetar der frå før. Bergkunst må inn i slike prosessar på lik linje med alle andre former for automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø, der det å finne bergkunst bør vurderast som ei reell moglegheit.

Relasjon og betydning for verdsarven

Storparten av åtgaumen som har vore retta mot bergkunst i Alta, både for forvaltninga og forskinga sin del, har dreidd seg om dei fem verdsarvområda, naturleg nok. Berre det å kartlegge, dokumentere, ta vare på og tolke denne omfangsrike og varierte bergkunsten har kravd ein stor innsats både frå institusjonar og einskildpersonar. Men stadig nye felt og figurar vert oppdaga utanfor dei definerte verdsarvområda. Til dømes har mengda felt med hellemaleri i Transfarely auka til åtte sidan 2003. Offisielt er det berre feltet som vart registrert i 1966 som er inkludert i verdsarven. Felta som ligg i same område, er det altså ikkje. Kanskje bør ein rekne heile Altafjorden som eit bergkunstlandskap. Sidan innskrivinga

i 1985 er mengda med figurar om lag dobla, og utstrekninga av lokalitetar gjer området mykje større enn det som vart innskrive i 1985.

Sjølv om felta som er funne etter innskrivinga av bergkunsten på verdsarvlista, ikkje *formelt* er ein del av verdsarven i Alta, må ein likevel sjå dei som like verdfulle kulturminne som dei som *har* verdsarvstatus. Dei eig dei same karaktertrekka, verdiane og kvalitetane som i utgangspunktet leidde bergkunsten inn på den prestisjefulle lista, og er delar av den same heilskapen. Dei utfyller og utvidar òg grunnlaget som vi baserer oss på når kunnskapen vi har om bergkunsten og dei fortidige samfunna som laga den, skal etterprøvast og utviklast. Samtidig reiser dei nye spørsmål og utfordrar gjeldande førestillingar om eigenarten til bergkunsten og kva han tyder. Dei nye felta i Doarrás er tydelege døme på dette.

Oppsummering

Dei nye funna av helleristninga i Doarrás (Kongsvika) i 2022 stadfestar på mange måtar dei resultata tidlegare forsking har kome til med omsyn til datering og fasar. Men funnet av lausblokken med helleristninga Doarrás 2 endrar synet på kvar ein finn helleristninga, og på kva type bergformasjonar dei vart laga i landskapet i Altafjorden. I den siste delen av artikkelen rundar vi av med synspunkt kring det å finne bergkunst, og det å leite bevisst etter den. Nye funn som Doarrás-ristningane har mykje å seie for forsking og kunnskapsutvikling, men kan òg skape utfordringar for forvaltninga, ikkje minst med tanke på at dei siste funna er gjorde i eit område som geografisk ville vore naturleg å inkludere i bergkunstverdsarven i Alta.

Notar

- ¹ Innmålingane vart gjorde av Lars Julsrød ved Alta Museum i samarbeid med Alta kommune. Verdensarsenter for bergkunst – Alta Museum er i gang med eit innmålingsprosjekt der alle figurar i Alta vert innmålte med CPOS.
- ² Nokre av desse figurane vart òg innmålte med CPOS som eit ledd i det NFR-finansierte forskingsprosjektet og vart då målte til 18,22 moh og 18,16 moh. (18,22464) og (18,15896)
- ³ Behandling med etanol er ein langsam prosess som girer tar mellom 3 og 5 år før ein har ønskt effekt.
- ⁴ Døme på dette er funn av ein lokalitet med hellemaleri og ein lokalitet med helleristninga i samband med PhD-prosjekt i Alta (Tanseim 2022b). I tillegg fann ein bergkunst ved det NFR-finansierte prosjektet *Stone Age Demographics: multi-scale exploration of population variations and dynamics* (prosjektnummer 261760), der det vart funne ein lokalitet med hellemaleri og to lausblokkar med helleristninga.

Litteratur

Animosov, Arkadii Fedorovich

- 1963 Cosmological Concepts of the Peoples of the North. I *Studies in Siberian shamanism*, redigert av Henry N. Michael, s. 157–229. Anthropology of the North, vol. 4. Translations from Russian sources. University of Toronto Press, Toronto.

Arntzen, Mari Sofie Strifeldt

- 2007 Bilder på stein: en studie av helleristninger på flyttblokker i Vest-Finnmark og Nord-Troms.
Upublisert masteroppgave, Universitetet i Tromsø, Tromsø.

Bakka, Egil

- 1973 Om alderen på veideristningene. *Viking* 37:151–187.

- 1975 Geologically dated Arctic rock carvings at Hammer near Steinkjer in Nord-Trøndelag. *Arkeologiske Skrifter: Historisk Museum. Universitetet i Bergen* 2:7–48.
- Bergsvik, Knut Andreas
- 2009 Caught in the middle: functional and ideological aspects of Mesolithic shores in Norway. In *Mesolithic horizons. Papers presented at the Seventh International Conference on the Mesolithic in Europe, Belfast 2005*, redigert av Sinéad McCartan, Rick Schulting, Graeme Warren og Peter Woodman, s. 602–609. Oxbow Books, Oxford.
- Bergsvik, Knut Andreas, Leif Inge Åstveit, Camilla Zinsli og Thomas Bruen Olsen
- 2020 *Faglig program i arkeologi for Universitetsmuseet i Bergen 2020-2025: steinalder til og med mellomneolittisk tid (9500–2350 f.Kr.)*. University of Bergen archaeological series (trykt utg.), vol. 11, 2020. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Damlien, Hege, Inger Marie Berg-Hansen, Lene Melheim, Axel Mjærum, Per Persson, Almut Schülke og Steinar Solheim
- 2021 *Steinalderen i Sørøst-Norge: Faglig program for steinalderundersøkelser ved Kulturhistorisk museum*. Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing), Oslo.
- Damm, Charlotte
- 2021 Spiritual landscapes: Diversity in practices and perceptions in Northern Fennoscandia. In *Perspectives on Differences in Rock Art*, redigert av Jan Magne Gjerde og Mari Strifeldt Arntzen, s. 76–96. Equinox, Sheffield.
- Damm, Charlotte, Anders Hesjedal, Bjørnar Olsen og Inger Storli
- 1993 *Arkeologiske undersøkelser på Slettnes, Sørøy 1991*. Tromsøra. Kulturhistorie, vol. 23. Universitetet i Tromsø, Tromsø.
- Damm, Charlotte Brysting, Marianne Skandfer, Erlend Kirkeng Jørgensen, Per Sjögren, Kenneth Webb Berg Vollan og Peter Jordan
- 2020 Investigating long-term human ecodynamics in the European Arctic: Towards an integrated multi-scalar analysis of early and mid Holocene cultural, environmental and palaeodemographic sequences in Finnmark County, Northern Norway. *Quaternary International* 549:52–64.
- Fuglestvedt, Ingrid
- 2018 *Rock Art and the Wild Mind. Visual Imagery in Mesolithic Northern Europe*. Routledge, London.
- Gjerde, Jan Magne
- 2010 Rock art and Landscape. Studies of Stone Age rock art from northern Fennoscandia. Upublisert doktorgradsavhandling, Universitetet i Tromsø, Tromsø.
 - 2017 A boat journey in rock art “from the Bronze Age to the Stone Age – from the Stone Age to the Bronze Age” in northernmost Europe. In *North Meets South*, redigert av Peter Skoglund, Johan Ling og Ulf Bertilsson, s. 113–143. The Swedish Rock Art Series, vol. 6. Oxbow Books, Oxford.
 - 2018 Marine Mammals in the Rock Art of Alta, Norway, Northernmost Europe. I *Whale on the Rock II*, redigert av Sang-Mog Lee, s. 193–208. Ulsan Petroglyph Museum, Ulsan, South Korea.
 - 2019 ‘The world as we know it’ – revisiting the rock art at Bergbukten 4B in Alta, northern Norway. *Time and Mind* 12(3):197–206.
 - 2022 Registrering av bergkunst i Kongsvika, Alta Kommune, Troms og Finnmark Fylkeskommune. Norsk institutt for kulturmønnsforskning (NIKU).
 - in prep* Frequency, phases and chronology of rock art: spatiotemporal studies of the Alta rock carvings, northernmost Europe (Working title).
- Gjessing, Gutorm
- 1938 Nyoppdagete veideristninger i Nord-Norge. *Viking* 2:137–144.
- Goldhahn, Joakim
- 2017 North European rock art: A long-term perspective. I *The Oxford Handbook of the Archaeology and Anthropology of Rock Art*, redigert av Bruno David og Ian J. McNiven, s. 51–72. Oxford University Press, Oxford.

- Günther, Helena
- 2022 The rhythm of rock art animals: Picturing reindeer, elk and bear around the seasonal cycle in Stone Age Alta. Upplisert doktorgradsavhandling, Stockholm Universitet, Stockholm.
- Helberg, Bjørn Hebba
- 2016 *Bergkunst nord for Polarsirkelen*. Tromsø museums skrifter vol. 36. Orkana Forlag, Stamsund.
- Helskog, Knut
- 1983 Helleristningene i Alta i et tidsperspektiv – en geologisk og multivariabel analyse. I *Folk og ressurser i nord. Foredrag fra Trondheims-symposiumet om midt- og nordskandinavisk kultur 1982*, redigert av Jørn Sandnes, Ivar Østerlie og Arnfinn Kjelland, s. 47–60. Universitetsforlaget, Trondheim.
 - 1984 Helleristningene i Alta. En presentasjon og en analyse av menneskefigurene. *Viking* 47:5–41.
 - 1987 Selective Depictions: A study of 3700 years of rock carvings from arctic Norway and their relationship to the Sami drums. I *Archaeology as long-term history*, redigert av Ian Hodder. New directions in archaeology. Cambridge University Press, Cambridge.
 - 1989 Helleristningene i Alta i et nordlig perspektiv. Kronologi og symbolisme *Iskos* 7:67–75.
 - 1999 The Shore Connection. Cognitive Landscape and Communication with Rock Carvings in Northernmost Europe. *Norwegian Archaeological Review* 32(2):73–94.
 - 2000 Changing Rock Carvings -- Changing Societies. A case from arctic Norway. *Adoranten*, 2000:5–16.
 - 2012 *Samtaler med maktene : en historie om verdensarven i Alta*. Tromsø museums skrifter. Tromsø museum, Universitetsmuseet, Tromsø.
 - 2021 Changing Settlements, Shores and Boats through 5000 Years: Dating and Connecting Petroglyphs to the General Archaeological Record – A Case from Northernmost Norway. I *Perspectives on Differences in Rock Art*, redigert av Jan Magne Gjerde og Mari Strifeldt Arntzen. Equinox, Sheffield.
- Herva, Vesa-Pekka og Antti Lahelma
- 2019 *Northern Archaeology and Cosmology: A Relational View*. University of Helsinki.
- Hesjedal, Anders
- 1993 Världens nordligaste hällristning finns i Slettnes. *Populär Arkeologi* 11(4):7–9.
- Hesjedal, Anders, Charlotte Damm, Bjørnar Olsen og Inger Storli
- 1996 *Arkeologi på Slettnes : dokumentasjon av 11.000 års bosetning*. Tromsø museums skrifter, vol. 26. Tromsø museum, Tromsø.
- Hykkerud, Martin
- 2021 The Management of the Kåfjord Rock Art Site. I *Perspectives on Differences in Rock Art*, redigert av Jan Magne Gjerde og Mari Strifeldt Arntzen, s. 128–144. Equinox, Sheffield.
- Lahelma, Antti
- 2008 *A touch of red : archaeological and ethnographic approaches to interpreting Finnish rock paintings*. Iskos, vol. 15. Finnish Antiquarian Society, Helsinki.
- Ling, Johan
- 2008 Elevated rock art. Towards a maritime understanding of Bronze Age rock art in northern Bohuslän, Sweden. GOTARC, Serie B, Gothenburg Archaeological Thesis, no. 49, Göteborgs universitet. Institutionen för arkeologi, Göteborg.
- Lødøen, Trond Klungseth
- 2013 Om alderen til Vingen-ristningene. *Viking* 76:7–34.
 - 2015 Treatment of corpses, consumption of the soul and production of rock art: Approaching Late Mesolithic mortuary practises reflected in the rock art of Western Norway. *Fennoscandia archaeologica* 32:79–99.
- Lødøen, Trond Klungseth og Gro Mandt
- 2010 *The rock art of Norway*. Bergkunst. Windgather Press, Oxford.
- Mikkelsen, Egil
- 1977 Østnorske veideristninger – Kronologi og økokulturelt miljø. *Viking* 40:147–201.

- Mulk, Inga-Maria og Tim Bayliss-Smith
 2006 *Rock Art and Sami Sacred Geography in Badjelànnnda, Laponia, Sweden. Sailing Boats, Anthropomorphs and Reindeer*. Archaeology and Environment 22, vol. 22. University of Umeå, Department of Archaeology, Umeå.
- Napolskikh, Vladimir Vladimirovich
 1992 Proto-Uralic World Picture: A Reconstruction. I *Northern religions and shamanism*, vol. 3, redigert av Mihály Hoppál og Juha Pentikäinen, s. 3-20. Ethnologica uralica. Akadémiai Kiadó, Budapest.
- Nyland, Astrid Johanne og Heidrun Stebergløkken
 2021 Changing perceptions of rock art: storying prehistoric worlds. *World Archaeology* 52(3):1–18.
- Olsen, Bjørnar
 1994 *Bosetting og samfunn i Finnmarks forhistorie*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Ramstad, Morten
 2000 Veideristningene på Møre. Teori, kronologi og dateringsmetoder. *Viking* 63:51–86.
- Ranta, Michael, Peter Skoglund, Tomas Persson og Jan Magne Gjerde
 2020 Hunting stories in Scandinavian rock art: Aspects of ‘tellability’ in the north versus the south. *Oxford Journal of Archaeology* 39(3):228–246.
- Savvateev, Y.A., E.I. Déviatova og A.A. Liiva
 1978 Dating of the rock art by the White Sea. ОПЫТ ДАТИРОВКИ НАСКАЛЬНЫХ ИЗОБРАЖЕНИЙ БЕЛОГО МОРЯ. *Sovetskaja archeologija* 1978(4):16–36.
- Simonsen, Povl
 1958 *Arktiske helleristninger i Nord-Norge II*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B, vol. 49. Aschehoug, Oslo.
- Skandfer, Marianne
 2021 The Appreciation of Reindeer: Rock Carvings and Sami Reindeer Knowledge. I *Perspectives on Differences in Rock Art*, redigert av Jan Magne Gjerde og Mari Strifeldt Arntzen, s. 113–128. Equinox Publishing, Sheffield.
- Sognnes, Kalle
 2003 On Shoreline Dating of Rock Art. *Acta Archaeologica* 74:189–209.
- Stebergløkken, Heidrun
 2015 Style dating of rock art – an outdated method? I *Proceedings XXVI Valcamonica Symposium 2015. Prospects for the Prehistoric Art Research, 50 years since founding of Centro Camuno*, redigert av Federico Troletti, s. 279–284. Centro Camuno di Studi Preistorici, Capo di Ponte.
- Tansem, Karin
 2011 Bergflatenes potensial: Et eksempel fra Hjemmeluft i Alta. I *Fersk forskning, ny turisme, gammel bergkunst*, redigert av Trond Lødøen, Helle Vangen Stuedal og Hans Christian Søborg, s. 56–62. Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museums skrifter. Bergkunst, vol. 1, Alta.
- 2020 Retracing Storsteinen: A deviant rock art site in Alta, Northern Norway. *Fennoscandia archaeologica* 37:83–107.
- 2022a Always Ritual, Symbolic and Religious? An Essay on the Alta Rock Art and the Archaeological Quest for Meaning. *Norwegian Archaeological Review* 55(2):159–185.
- 2022b Helleristningene i Alta : estetikken, geologien og figurene. Upublisert doktorgradsavhandling, Universitetet i Tromsø, Tromsø.
- Tansem, Karin og Per Storemyr
 2021 Red-coated rocks on the seashore: The esthetics and geology of prehistoric rock art in Alta, Arctic Norway. *Geoarchaeology* 2020:1–21.

Nettsider og elektroniske dokumenter

- Møller, Jakob og Børre Holmeslet
 1998 Sealevel Change. 3.51 ed. University of Tromsø, Tromsø.